



## STORTINGET

# Innst. 326 S

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget  
frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Dokument 8:162 S (2022–2023)

Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringsspolitikk for statlege verksemdar som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg

Til Stortinget

## Bakgrunn

I dokumentet vert følgjande forslag fremja:

1. Stortinget ber regjeringa i retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar om å fjerne sidestillinga av større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg med Oslo i oversikta over kvar nye og omlokaliserte statlege verksemdar ikkje skal plasserast.
2. Stortinget ber regjeringa kome attende med ei heilskapleg vurdering av oppdaterte kriterium for lokalisering av statlege arbeidsplassar i den varsla stortingsmeldinga om distriktspolitikk.»

Ein viser til dokumentet for ei nærare utgreiing om forslaga.

## Behandling i komiteen

Komiteen har i brev av 21. mars 2023 til Kommunal- og distriktsdepartementet ved statsråd Sigbjørn Gjelsvik bedt om ei vurdering av forslaget. Statsråden sin uttale følgjer av vedlagde brev av 12. april 2023.

## Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Rune Støstad, Siri Gåsemyr Staalesen, Terje Sørvik og leiaren Lene Vågslid, frå Høgre, Mudassar Kapur, Anne Kristine Linnestad og Mari Holm Lønseth, frå Senterpartiet, Heidi Greni, Kathrine Kleveland og Kari Mette Prestrud, frå Framstegspartiet, Helge André Njåstad og Erlend Wiborg, frå Sosialistisk Venstreparti, Birgit Oline Kjerstad, og frå Raudt, Tobias Drevland Lund, viser til representantforslaget om ein lokaliseringsspolitikk for statlege verksemdar som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg. Bakgrunnen for framlegget er at regjeringa 12. august 2022 endra retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon.

I dei siste retningslinene frå regjeringa Solberg av 8. november 2019 stod det at ved lokalisering av statlege arbeidsplassar skal ein vurdere mogleg utflytting frå Oslo og sentrale kommunar i Oslo-området. Regjeringa Støre la til i denne teksten «eller andre av dei største byane».

Komiteen oppfatar at dette er kjernen i framlegget.

Komiteen viser til at statsråden kommenterte framlegget i brev av 12. april 2023.

I brevet gjer statsråden greie for statistikk for lokalisering av statlege arbeidsplassar. Statsråden skriv i si vurdering at framlegget vil innebere ein ny praksis for tilhøvet mellom storting og regjering. Statsråden opplyser vidare at dette vanlegvis også er eit tema i meldingar til Stortinget om distrikts- og regionalpolitikk, og at det òg vil bli eit tema i den varsla meldinga om dette.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet, viser til at regjeringen i 2022 endret retningslinjene for lokalisering av statlige arbeidsplasser. Da ble det lagt til at nye og omlokaliserte statlige virksomheter som hovedregel ikke skal lokaliseres i Oslo-regionen eller andre av de største byene. Vekst i eksisterende virksomheter med en regional struktur skal også i hovedsak skje utenfor storbyene, og en skal alltid vurdere minst ett alternativ i en middels eller lite sentral kommune når en vurderer hvor en virksomhet skal lokaliseres. Flertallet viser til at retningslinjer for lokalisering av statlige arbeidsplasser og statlig tjenesteproduksjon er et sentralt verktøy for å ivareta statlige lokaliseringspolitiske mål. Flertallet viser til statsrådens svarbrev, der det står at definisjonene av hva som blir definert som de største byene, vil bli avklart i hver enkelt lokaliseringssak. Ingen byer er navngitt. Retningslinjene utelukker ikke at statlige arbeidsplasser kan bli lokalisert i større byer som Bergen og Trondheim. Dette vil avhenge av hvilken type statlig virksomhet og arbeidsplasser det er snakk om. I hver enkelt sak vil sektorhensyn og lokaliseringspolitiske hensyn bli vurdert og sett i sammenheng. Flertallet viser til svarbrevet fra statsråden, der det fremgår at om lag 30 pst. av statlige arbeidsplasser er omfattet av retningslinjene. Ifølge SSBs sysselsettingsstatistikk er det om lag 325 000 statlig sysselsatte i landet, noe som er om lag 11,6 pst. av alle sysselsatte. Staten er i stor grad lokalisert i sentrale områder. Statlig sysselsetting utgjør i gjennomsnitt om lag 14 pst. i de mest sentrale kommunene (sentralitet 1 og 2), mens den i gjennomsnitt er 4 og 7 pst. i de minst sentrale kommunene (sentralitet 6 og 5). Flertallet viser til at det i Hurdalsplattformen slås fast at det skal bygges sterke kompetansemiljø i hele landet gjennom en jevnere fordeling av offentlige arbeidsplasser.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet mener det er et selvstendig mål å flytte makt og myndighet ut av Oslo og ut i hele landet. Det er viktig for å sikre gode tjenester og spre makt og kompetansearbeidsplasser. Disse medlemmer mener derfor statlige arbeidsplasser bør lokaliseres i både

større og mindre byer, og at det må foretas en konkret vurdering i hvert enkelt tilfelle. Disse medlemmer mener det primære målet er å sørge for økt utflytting og nyetablering av statlige arbeidsplasser utenfor Oslo-området. Disse medlemmer mener regionbyene, for eksempel Bergen, Trondheim og Stavanger, spiller en viktig rolle for vekst og verdiskaping i hele landet og for å bidra til vekst i sitt omland. Sammen med kommuner i distriktene rundt er regionbyene viktige for å skape gode, sterke regioner og for å hindre sterkere sentralisering til det sentrale Østlandsområdet. Disse medlemmer mener regjeringens nye statlige retningslinjer for lokalisering av statlige arbeidsplasser undergraver regionbyenes rolle og i praksis kan bidra til å svekke regionenes vekstkraft. Disse medlemmer stiller seg uforstående til at Arbeiderpartiet og Senterpartiet i regjering setter likhetstegn mellom Oslo-området og de ulike storbyområdene i Norge.

Disse medlemmer merker seg at Arbeiderpartiet og Senterpartiet i regjering har sørget for å flytte flere arbeidsplasser fra byene omkring i landet og inn til Oslo. Disse medlemmer viser blant annet til at regjeringen ikke etablerte det planlagte Eksportstrategirådet i Ålesund og heller valgte å legge denne funksjonen til Oslo. Videre har Arbeiderpartiet og Senterpartiet i regjering planer om å legge ned en rekke statlige arbeidsplasser som er etablert utenfor Oslo, for eksempel Eldreombudet.

Disse medlemmer viser til at det var viktig for regjeringen Solberg å sikre både nyetablering og utflytting av statlige arbeidsplasser fra Oslo-området. Mellom 2013 og 2020 ble det flyttet ut eller etablert i overkant av 1 200 statlige arbeidsplasser utenfor Oslo-området. Mange av disse ble også etablert utenfor de største byområdene. Disse medlemmer støtter at det etableres flere statlige arbeidsplasser utenfor de store byområdene.

Disse medlemmer merker seg statsrådens svarbrev, hvor det vises til at det var en vekst i statlige arbeidsplasser mellom 2013 og 2022, og at denne veksten skal være høyere i de store byområdene enn i landet for øvrig. Disse medlemmer merker seg at statsråden henviser til SSBs sysselsettingsstatistikk. Disse medlemmer merker seg at SSBs definisjon av sysselsatte i staten er noe annet enn statlige arbeidsplasser som er omfattet av de statlige retningslinjene for lokalisering. Disse medlemmer merker seg at statsråden derfor henviser til en vekst i antall ansatte i departementene, direktoratene, statsforvalterne og underliggende etater, men også tjenesteytende virksomhet som ytes av politiet, domstolene, Forsvaret, universitets- og høyskolesektoren og helseforetakene. Disse medlemmer viser til at det kun er kommuner i sentralitetsklasse seks som har hatt en reduksjon i antall ansatte i staten, og at alle øvrige sentralitetsklasser har opplevd vekst i antall stat-

lig ansatte. Mye av veksten i statlige arbeidsplasser kom mellom 2013 og 2022 innenfor eksisterende institusjoner innenfor helsesektoren og universitets- og høyskolesektoren. Disse medlemmer viser til at dette er funksjoner alle har et behov for, uavhengig av hvor de bor, og at en styrking av helsetjenesten og utdanningssektoren er et gode for samfunnet.

Disse medlemmer viser til at regjeringen i en kongelig resolusjon datert 12. august 2022 endret på retningslinjene for lokalisering av statlige arbeidsplasser og tjenesteproduksjon. Disse medlemmer viser til at under regjeringen Solberg var formålet uttrykt slik:

«Den statlige lokaliseringspolitikken skal, ved oppfølgingen av disse retningslinjene, medvirke til at nye og omlokaliserte statlige virksomheter i hovedsak blir lokalisert utenfor Oslo og sentrale kommuner i Oslo-området.»

Disse medlemmer viser til at regjeringen Støre endret formålet i retningslinjene for lokalisering av statlige arbeidsplasser slik:

«Den statlige lokaliseringspolitikken skal, ved oppfølgingen av disse retningslinjene, medvirke til at nye og omlokaliserte statlige virksomheter i hovedsak blir lokalisert utenfor Oslo, sentrale kommuner i Oslo-området eller andre av de største byene.»

Disse medlemmer uttrykker at regjeringen med de nye retningslinjene for lokalisering av statlige arbeidsplasser og tjenesteproduksjon vil svekke muligheten til å spre fagmiljøer til andre sterke byer enn Oslo. Disse medlemmer viser til at å spre fagmiljøer rundt i de andre storbyene enn Oslo vil være en styrke og vil bygge opp sterke regioner.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti understreker betydningen av å lokalisere statlige arbeidsplasser over hele landet. Dette er viktig for utviklingen lokalt og kan ha store ringvirkninger for næringsliv og samfunn enten det er i tett eller spredt befolkede områder. Selv om statlige virksomheter og arbeidsplasser i stor grad er lokalisert i sentrale områder, er de også til stede i de minst sentrale kommunene. Dette medlem viser til at retningslinjene for lokalisering av statlige arbeidsplasser og statlig tjenesteproduksjon er et viktig verktøy for å sikre at ulike lokaliseringer vurderes grundig ved oppstart eller omorganisering av statlige virksomheter, slik at en unngår at denne typen virksomheter automatisk legges til Oslo. Dette medlem mener det er viktig at lokaliseringsspørsmål vurderes i hvert enkelt tilfelle, og at kravene som stilles i retningslinjene, følges. Dette medlem mener at større byer og byområder ikke bør sidestilles med Oslo når det gjelder hvor nye og omlokaliserte statlige arbeidsplasser og virksomheter skal kunne lokaliseres.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen i retningslinjene for lokalisering av statlige arbeidsplasser om ikke å sidestille større byer og byområder med Oslo når det gjelder hvor nye og omlokaliserte statlige arbeidsplasser og virksomheter skal lokaliseres.»

Komiteens medlem fra Rødt viser til at det under regjeringen Solberg skjedde en utstrakt sentralisering. I tillegg til sentralisering av demokratiske institusjoner gjennom tvangssammenslåinger av kommuner og fylkeskommuner ble distriktene og de mindre byene fratatt viktige offentlige arbeidsplasser og institusjoner. Dette medlem viser i denne sammenhengen blant annet til den såkalte nærpolitireformen med sentralisering av viktige tjenester som utsteding av pass og nedlegging av en rekke lensmannskontorer, nedlegging av skattekontorer, redusert postombæring og nedlegging av lokalsykehus. Dette medlem mener på denne bakgrunn at partiene som deltok i regjeringen Solberg, ikke har særlig tyngde i spørsmål om å desentralisere offentlige arbeidsplasser. Dette medlem viser til at det i partiet Rødts partiprogram er fremhevet at etableringen av nye offentlige arbeidsplasser i så stor grad som mulig må lokaliseres utenfor de store byene, og at de statlige arbeidsplassene som har blitt fratatt distriktene, må erstattes. Det er dette medlems oppfatning at det nye vurderingskriteriet statsråden viser til i sitt svarbrev om å vurdere et lokaliseringsalternativ i en middels eller lite sentral kommune, ivaretar disse målsettingene på en god måte.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet, mener det er avgjørende å legge til rette for at statlige arbeidsplasser kommer hele landet til gode og blir spredt geografisk. Flertallet viser til statsrådets svarbrev, der det framgår at hva som blir definert som «de største byene» i retningslinjene, vil bli avklart i hver enkelt lokaliseringssak, og at ingen byer er navngitte. Flertallet viser til at retningslinjene ikke utelukker at statlige arbeidsplasser kan bli lokalisert i større byer som for eksempel Bergen og Trondheim. Det vil avhenge av hvilken type arbeidsplasser det er snakk om. Formålet med retningslinjene er å sikre at hver enkelt lokaliseringssak blir tilstrekkelig utredet, og at den endelige løsningen støtter best mulig opp om både sektormål og lokaliseringspolitiske mål. Flertallet viser til at den til enhver tid sittende regjering har ansvar for å legge til rette for at statlige virksomheter kan utføre sine oppgaver og sin rolle i tråd med mål og føringer.

## Forslag frå mindretal

Forslag frå Høgre, Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti:

### Forslag 1

Stortinget ber regjeringa i retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplasser om ikkje å sidestille større byer og byområder med Oslo når det gjelder hvor nye og omlokaliserte statlege arbeidsplasser og virksomheter skal lokaliseres.

## Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av medlemene frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Raudt.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 2. mai 2023

**Lene Vågslid**

leiar

**Helge André Njåstad**

ordførar

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

Dokument 8:162 S (2022–2023) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringpolitikk for statlege verksemdar som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg – vert ikkje vedteke.



DET KONGELIGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Postmottak Kommunal- og forvaltningskomiteen

Deres ref

Vår ref

Dato

23/1744-2

12. april 2023

**Dokument 162 S (2022-2023) - Representantforslag frå stortingsrepresentantane Bjørlo, Skjelstad og Breivik om ein lokaliseringsspolitikk for statlege verksemder som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar**


Eg viser til brev frå kommunal- og forvaltningskomiteen av 21. mars 2023. Komiteen ber om mi vurdering av representantforslag 8:162 S (2022–2023) «Representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringsspolitikk for statlege verksemder som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg».

For Arbeiderpartiet og Senterpartiet i regjering er det avgjerande å legge til rette for at statlege arbeidsplassar kjem heile landet til gode og vert spreidd geografisk. Statlege verksemder bidreg til å skape eit større mangfald av kompetansearbeidsplassar i regionen dei ligg, og aukar tilflyttingsattraktiviteten.

**Utviklinga i lokalisering av statlege arbeidsplassar syner ei klar sentralisering**


I følge SSBs sysselsettingsstatistikk er det om lag 325 000 statleg sysselsette i landet, noko som er om lag 11,6 prosent av alle sysselsette. Staten er i stor grad lokalisert i sentrale område. Statleg sysselsetting utgjer i gjennomsnitt om lag 14 prosent i dei meste sentrale kommunane (sentralitet 1 og 2), mens den i gjennomsnitt er 4 og 7 prosent i dei minst sentrale kommunane (sentralitet 6 og 5).

Figur 1: Endring i sysselsetting i statleg sektor etter sentralitet 2013-2022



Kjelde: SSBs sysselsettingsstatistikk (tabell 13472)

Figur 2: Endring i sysselsetting i statleg sektor i dei største byane 2013-2022



Kjelde: SSBs sysselsettingsstatistikk (tabell 13472)

Figur 1 syner at sentraliseringa har auka i perioden 2013-2022. Dei minst sentrale kommunane har fått vesentleg færre statleg sysselsette, mens veksten har vore sterkast i dei mest sentrale kommunane. Figur 2 syner og at veksten er høgare i dei 4 største byane enn elles i landet. Det er fleire årsaker til dette:

- Reformar og strukturelle endringar i statleg sektor har gitt organisering i færre og større einingar. Reduksjon i tenestestader i etatar som til dømes Politi- og

lensmannsetaten, NAV og Skatteetaten, intern sentralisering av funksjonar og tilsette innanfor eksisterande strukturar, og overgang frå geografisk basert til funksjonsbasert organisering, har redusert talet på statleg sysselsette i dei minst sentrale områda.

- Den gradvise veksten i eksisterande verksemder forsterkar sentraliseringa. Ikkje minst har dette skjedd i dei store byane der blant anna utdanningsinstitusjonar og spesialisthelsetenesta har vokse. Dette er institusjonar som ikkje er omfatta av retningslinjene for statleg lokalisering.
- Skiftande regjeringar har i perioden frå 2001 til i dag avgjort lokalisering av eksisterande og ny statleg verksemd i tråd med retningslinjene som omfattar om lag 4380 statlege arbeidsplassar. Desse arbeidsplassane har i stor grad blitt lagt til store og middels store byar.
- Noko av endringane skuldast endring i sektorkode. Til dømes er noko av veksten i Oslo knytt til at NRK no er registrert som statleg sektor.

Sjå også vedlegg for tabellar som utdjuar statistikken.

### **Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon**

*Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon* er eit sentralt verktøy for å ivareta statlege lokaliseringspolitiske mål. Om lag 30 prosent av statlege arbeidsplassar er omfatta av retningslinjene.

Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon har eksistert sidan 1984, og er reviderte i 2001, 2011, 2014, 2019 og 2022. Retningslinjene av 8. november 2019 frå Solberg-regjeringa slo fast at lokaliseringssakar skal vurdere mogleg utflytting frå Oslo og sentrale kommunar i Oslo-området.

Ved revidering av retningslinjene av 12. august 2022 gjorde Støre-regjeringa fleire endringar. Det vart lagt til at nye og omlokaliserte statlege verksemder som hovudregel ikkje skal lokaliserast i Oslo-regionen eller andre av dei største byane. Vekst i eksisterande verksemder med ein regional struktur skal også i hovudsak skje utanfor storbyane, og at ein alltid skal vurdere minst eit alternativ i ein middels eller lite sentral kommune når ein vurderer kvar ei verksemd skal lokaliserast.

### **Føremålet med endringane i retningslinjene i 2022**

I Hurdalsplattforma er det slått fast at det skal byggjast sterke kompetansemiljø i heile landet gjennom ei jamnare fordeling av offentlege arbeidsplassar. Regjeringa reviderte retningslinjene i lys av ambisjonane i Hurdalsplattforma, men ikkje minst i lys av korleis utviklinga i lokaliseringa av statlege arbeidsplassar har vore dei siste åra, jamfør ovanfor.

Eit føremål med ein aktiv statleg lokaliseringspolitik er å gje ei betre fordeling av statlege arbeidsplassar som medverkar til å styrke lokale fagmiljø i ulike delar av landet. Verdien av statlege arbeidsplassar må sjåast i samanheng med størrelse på og breidde i arbeidsmarknaden. Næringsliv og kommunal sektor i alle delar av landet etterspør kompetent arbeidskraft. Høve til å tiltrekke seg naudsynt arbeidskraft blir også påverka av moglegheitene for attraktivt arbeid for medflyttarar. Samansettinga av den einskilde

arbeidsmarknaden blir då viktig. Meir desentral lokalisering av statlege verksemder gir grunnlag for jamnare fordeling av den gradvise veksten i statleg sysselsetting.

Ein føresetnad for å få til dette, er å sjå til at arbeidsmarknader også utanfor dei største byane blir vurdert når nye verksemder eller verksemder i endring skal lokaliseras.

Kva som blir definert som dei største byane i retningslinjene, vil bli avklart i kvar enkelt lokaliseringssak. Ingen byar er namngjevne. Dette er bevisst. Retningslinjene utelukkar ikkje at statlege arbeidsplassar kan bli lokalisert i større byar som Bergen og Trondheim. Dette vil avhenge av kva type statleg verksemd og arbeidsplassar det er snakk om. I kvar enkelt sak vil sektoromsyn og lokaliseringspolitiske omsyn bli vurdert og sett i samanheng. Sentrale sektoromsyn som blir vurdert, er bl.a. i kva grad tenesta krev nærleik til brukarane, korleis rekruttere og ta vare på kvalifisert arbeidskraft ved ulike lokasjonar, om verksemda treng å vere fysisk nær infrastruktur, særskilde fagmiljø eller styresmakter. Teknologisk utvikling og digitalisering vil kunne endre vurderingane av dette over tid, og gje auka mogelegheit for desentralisering av arbeidsplassar.

Føremålet med retningslinjene er å sikre at kvar enkelt lokaliseringssak blir tilstrekkeleg utgreidd, og at den endelege løysinga støttar best mogleg opp om både sektormål og lokaliseringspolitiske mål.

### **Statleg lokaliseringsspolitikk etter retningslinjene – ei lita brikke i den samla distriktpolitikken**

Retningslinjene for statleg lokalisering omfattar om lag 30 prosent av statlege arbeidsplassar, og det er såleis begrensa kva ein kan oppnå gjennom retningslinjene åleine. Samstundes vil oppfølginga av retningslinjene kunne medverke til at fleire regionale arbeidsmarknader utanfor dei største byane kan få gevinstar av statleg verksemd og kompetansearbeidsplassar.

Regjeringa har mål om å auke bruk av desentralisert arbeid i statlege verksemder. Tilrettelegging for at statlege arbeidsoppgåver kan bli utført staduavhengig, vil kunne bidra til at ein held på og styrkar fagkompetanse i distrikta, og til å skape større fleksibilitet i det statlege arbeidslivet. Det kan betre rekrutteringa av etterspurt kompetanse, gje høve til å halda på kritisk arbeidskraft dersom arbeidstakarar flyttar og det gir fleire tilgang til kompetansearbeidsplassar i staten utan at det krev endra lokalisering av statleg verksemd. Alle statlege verksemder har i 2023 fått føring om å vurdere *mogelegheta for auka bruk av desentralisert arbeid, med det føremål å oppnå meir desentralisering av statlege arbeidsplassar og styrkje lokale fagmiljø, som kan gje distriktpolitisk vinst.*

### **Vurdering av forslaget frå representantane**

Representantane foreslår at Stortinget ber regjeringa om å fjerne «andre av dei største byane» i retningslinjene og at regjeringa legg fram endringar av kriteria for behandling i Stortinget. Eg er ueinig i ei slik eventuell materielle endring, noko som er grunngeve ovanfor. Men uavhengig av dette, så vil eit slikt vedtak innebere ein heilt ny praksis og vere eit brot med måten retningslinjene tidlegare har vore handsama av regjering og Storting.



Den til ei kvar tid sitjande regjering har ansvar for å leggje til rette for at statlege verksemdar kan utføre sine oppgåver og si rolle i tråd med mål og føringar, og innan dei til ei kvar tid gjeldande budsjetttrammer som Stortinget fastset. Retningslinjene gjeld statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon som høyrer inn under departement og statlege verksemders ansvarsområde. Retningslinjene er eit verktøy som den til ei kvar tid sitjande regjering har for å samkøyre og avvege lokaliseringspolitiske mål med sektormål.

Frå og med 2001 har retningslinjene vore behandla av Kongen i statsråd gjennom kongeleg resolusjon, og desse er publiserte offentleg. I alle meldingar til Stortinget om distrikts- og regionalpolitikk sidan 2000 har statleg lokaliseringsspolitikk vore tema, og endringar i mål og retningslinjene er lagt fram og begrunna for Stortinget. Regjeringa sin statlege lokaliseringsspolitikk vil bli lagt fram for Stortinget i komande melding om distriktspolitikken.

Dette er eit nivå på dialogen mellom regjering og Storting som har fungert hensiktsmessig i lang tid, og som eg meiner bør førast vidare. Eg tilrår at forslaga ikkje blir vedteke.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

## Vedlegg

### Statleg sysselsette etter sentralitet og dei 4 største byene

Sentralitet	Antal	Andel av alle statlege sysselsette	Andel statlege sysselsette av alle sysselsette	Snitt årleg endring 2013-21	Endring 2021-22
1 - mest sentral	97 472	30 pst.	13,9 pst.	1,7 pst.	2,5 pst.
2	106 704	33 pst.	14,2 pst.	2,4 pst.	2,0 pst.
3	70 545	22 pst.	11,1 pst.	1,1 pst.	0,9 pst.
4	31 409	10 pst.	8,2 pst.	0,9 pst.	0,0 pst.
5	15 018	5 pst.	6,5 pst.	0,1 pst.	-0,5 pst.
6 - minst sentral	4 092	1 pst.	3,9 pst.	-2,5 pst.	-3,6 pst.
<b>Hele landet</b>	<b>325 240</b>	<b>100 pst.</b>	<b>11,6 pst.</b>	<b>1,5 pst.</b>	<b>1,5 pst.</b>

Kommune	Antal	Andel av alle statlege sysselsette	Andel statlege sysselsette av alle sysselsette	Snitt årleg endring 2013-21	Endring 2021-22
Oslo	79 051	24 pst.	15,0 pst.	1,4 pst.	2,4 pst.
Bergen	29 479	9 pst.	16,7 pst.	2,3 pst.	2,3 pst.
Trondheim	26 735	8 pst.	20,5 pst.	2,6 pst.	3,8 pst.
Stavanger	12 741	4 pst.	14,3 pst.	3,2 pst.	-0,4 pst.
<b>Totalt</b>	<b>148 006</b>	<b>45,5 pst.</b>			

Kjelde: SSBs sysselsettingsstatistikk (tabell 13472)



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/1744-5

20. april 2023

## Spørsmål frå FrP til Representantforslag 162 S (2022-2023)

Kommunal- og forvaltningskomiteen viser til at komiteen har til behandling Dokument 8:162 S (2022–2023) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringsspolitikk for statlege verksemder som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar.

Komiteens medlemmer frå FrP har stilt følgjande spørsmål som ledd i saksbehandlninga:

1. Når regjeringa nå legger til andre av de største byene i retningslinjene, er det da snakk om Bergen, Stavanger og Trondheim eller flere?
2. Har disse nye retningslinjene ført til noen endringer etter de ble endret for noen virksomheter? I så fall hvilke?
3. Kan vi få statistikk tilsvarende figur 2 i svarbrevet fra statsråden også for de 20 største byene i landet?
4. Er det også mulig å få statistikk over andelen i de 20 største byene som er statlig og offentlig ansatte?

*Svar til spørsmål 1 – Når regjeringa nå legger til andre av de største byene i retningslinjene, er det da snakk om Bergen, Stavanger og Trondheim eller flere?*

I mitt svarbrev til komiteen datert 12. april 2023 gjorde eg greie for at vurdering av lokalisering må avklarast i kvar einskild lokaliseringssak som er omfatta av retningslinjene. Retningslinjene utelukkar ikkje at statlege arbeidsplassar lokaliserast i byar som Bergen, Stavanger og Trondheim. Lokalisering i det einskilde tilfelle vil avhenge av kva type statleg verksemd og arbeidsplassar det gjeld. I kvar einskild sak skal sektoromsyn og lokaliseringsspolitiske omsyn vurderast og sjåast i samanheng. Retningslinjene skal leggje grunnlag for at

den endelege løysinga i kvar einskild sak støttar opp om lokaliseringspolitiske og sektorpolitiske mål.

*Svar til spørsmål 2 – Har disse nye retningslinjene ført til noen endringer etter de ble endret for noen virksomheter? I så fall hvilke?*

Det vart gjort fleire endringar i retningslinjene i samband med revisjonen. Retningslinjene fekk mellom anna eit nytt krav om å vurdere minst eitt lokaliseringsalternativ i ein middels eller lite sentral kommune (sentralitetsklasse 3 til 6) når ein skal vurdere kor ei verksemd skal lokaliserast. For å kunne oppnå ei jamnare fordeling av statlege arbeidsplassar, er føresetnaden at arbeidsmarknader, òg utanfor dei største byane, vert vurdert når nye verksemdar eller verksemdar i endring skal lokaliserast.

Dei lokaliserings sakene som er handsama etter 12. august 2022, er vurderte i tråd med dei reviderte retningslinjene. Tabellen under viser lokaliserings sakene handsama etter 12. august 2022.

Virksomhet	Sted	Fylke	Antall ansatte	Type	År
Nasjonalt kompetansemiljø skolehelsetjeneste mv	Levanger	Trøndelag	5-7	nyetablering	2022
Omorganisering av Fiskeridirektoratet	ledelsesklynger flere steder	Møre og Romsdal, Nordland, Troms og Finnmark	2	nyetablering (2) / strukturendring uten endring i hvor ansatte er lokalisert	2022
Bionova	Brumunddal	Innlandet	2	nyetablering	2022
Sekretariatet for Tilsynsrådet i kriminalomsorgen	Vardø	Troms og Finnmark	5	nyetablering	2023
Sammenslåing av Nasjonalbiblioteket og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek*	Oslo/Mo i Rana	Oslo / Nordland		sammenslåing/ flytting	2023
Overføring av oppgaver fra Miljødirektoratet til Landbruksdirektoratet**	Fra Trondheim til Steinkjer	Trøndelag	4	flytting	2023

\*Nasjonalbiblioteket er lokalisert både i Oslo og Mo i Rana. I 2023 har virksomheten ca. 200 medarbeidere i Oslo, mens det i Mo i Rana er ca. 350. Oppgaver og funksjoner flyttes gradvis fra Oslo til Mo i Rana. Fra 1. juli 2023 skal Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) innlemmes i Nasjonalbiblioteket. NLB er lokalisert i Oslo med ca. 40 medarbeidere. Deler av virksomhetens oppgaver og funksjoner vil på sikt overføres fra Oslo til Mo i Rana, ved naturlig avgang og som del av den nye virksomhetens organisasjonsutvikling.

**\*\*Miljødirektoratet vil utrede nærmere omfanget av personalressurser som skal overføres. Det er ikke avklart når stillingene vil bli overført.**


Oversikta viser kva verksemd det gjeld, kor mange arbeidsplassar som er oppretta og/eller kor arbeidsplassar er endra/flytta ut, og kor desse har hamna. Tala gjev eit overslag som bygger på informasjon frå sektordepartementa på tidspunktet avgjera blei fatta. Tala inneheld informasjon om arbeidsplassar som er avgjort skal flyttast over noko tid. Det faktiske talet på arbeidsplassar i den einstilte sak kan difor avvike frå oversikten.

Kva utfall ulike einskildsaker ville fått dersom dei hadde vorte handsama etter dei gamle retningslinjene, har ikkje vorte vurdert for den einstilte sak. Effekten av endringane i retningslinjene må målast på om verksemdar og arbeidsplassar samla sett over tid i større grad vert lokaliserte utanfor dei største byane enn før.

***Svar til spørsmål 3 – Kan vi få statistikk tilsvarende figur 2 i svarbrevet fra statsråden også for de 20 største byene i landet?***

Figur 1 syner dei 20 største byane etter folketal i kommunane og tar ikkje omsyn til at nokre byar/tettstadar og har innbyggjarar i ein eller fleire nabokommunar.

Figur 1: Endring i sysselsetting i statleg sektor i dei største byane 2013-2022



Kjelde: SSBs sysselsettingsstatistikk (tabell 13472)

I oversikta er endringane i Fredrikstad og Sarpsborg vist som ein stolpe grunna flytting av arbeidsplassar ved Sykehuset Østfold mellom dei to byane i 2015.

Svar til spørsmål 4 – Er det også mulig å få statistikk over andelen i de 20 største byene som er statlig og offentlig ansatte?

Tabell 1 syner dei 20 største byane etter folketal i kommunane og tar ikkje omsyn til at nokre byar/tettstadar og har innbyggjarar i ein eller fleire nabokommunar. Eg vil og vise til rettleiaren til Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon på regjeringen.no, der talet på sysselsette i statleg sektor i alle bo-arbeidsmarknader i landet er lagt fram: [Rettleiing til retningslinjene for statleg lokalisering - regjeringen.no](#)

Tabell 1: Tal på og andel sysselsette i statleg sektor i dei 20 største byane 2022

	Statsforvaltninga		Statsforvaltning og fylkeskommunal og kommunal forvaltning	
	Sysselsette	Andel av total sysselsetting	sysselsette	Andel av total sysselsetting
Oslo	79 051	15,0 %	131 922	25,0 %
Bergen	29 479	16,7 %	55 341	31,4 %
Trondheim	26 735	20,5 %	46 155	35,3 %
Stavanger	12 741	14,3 %	27 615	31,1 %
Bærum	5 028	6,6 %	16 041	21,2 %
Kristiansand	7 596	12,3 %	20 185	32,6 %
Drammen	6 741	14,4 %	15 726	33,6 %
Asker	2 139	5,6 %	10 342	26,9 %
Lillestrøm	4 304	10,0 %	12 378	28,7 %
Fredrikstad	1 758	5,0 %	9 645	27,7 %
Sandnes	1 263	3,1 %	9 054	22,0 %
Tromsø	11 740	25,3 %	20 122	43,4 %
Ålesund	4 563	12,0 %	11 711	30,8 %
Sandefjord	796	2,6 %	6 895	22,4 %

Nordre Follo	1 783	7,1 %	7 830	31,0 %
Sarpsborg	6 000	20,6 %	12 863	44,2 %
Tønsberg	6 761	20,1 %	12 907	38,4 %
Skien	4 247	16,0 %	10 442	39,3 %
Bodø	6 822	23,1 %	12 637	42,8 %
Moss	2 265	10,7 %	7 090	33,4 %

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

